

Vedtatt på Fakultetsstyremøtet 15.12.2011

Årsplan 2012-2014 for Det samfunnsvitenskaplege fakultet

INNLEIING

Fakultetsstyret vedtok 18. juni 2010 ny Strategisk plan for perioden 2011 – 2020.

Årsplanen er treårig og vert revidert årleg. Universitetsstyret sine overordna prioriteringar er styrande for prioriteringane på fakultets- og instituttnivå. Universitetsstyret har vedteke at *internasjonalisering (2012)* og *innovasjon (2013)* skal vere hovudprioriteringar i den første fasen av strategiperioden.

Generell risikovurdering:

Fleire av einingane har fått styrkt sitt økonomiske handlingsrom i løpet av 2011. Dette gjer det mogleg for einingane å følgje opp og til dels forsere vedtekne planar for tilsetjingar. Hovudprioriteringa i 2012, internasjonalisering, er administrativt krevjande og avhengig av sterkt fagleg engasjement frå vitenskaplege tilsette. Fakultetet ser fram til resultatet av IHR-prosjektet (om Internt handlingsrom), og til at fleire ressursar kan nyttast til beste for primæraktivitetane.

Eit grensesprengande universitet

Mål 1: Det samfunnsvitenskaplege fakultet skal vere mellom dei beste samfunnsvitenskaplege fagmiljøa i Norden, og hevde seg sterkt i internasjonal samanheng. Fakultetet skal ha gode forskingsmiljø som kan bidra til internasjonal og nasjonal fagutvikling og gje godt rom for nyskapande forskning og kritisk refleksjon. Forskinga og fagkompetansen ved fakultetet skal gje eit solid grunnlag for forskingsbasert undervisning, gje innsikt i sentrale samfunnsmessige utfordringar, og rom for kritisk samfunnsdebatt og politikktutvikling, i tillegg til nytenking og innovasjon.

Risikovurdering:

Personalmessig: Det er utfordrande å påverke utviklinga av samarbeid med gode internasjonale forskingsmiljø. Internasjonalt samarbeid er ofte sterkt personavhengig, og vil også for framtida måtte funderast på felles forskningsinteresser med fagfeller i andre land.

Økonomisk: Fakultetet har hatt utvikling av fleire engelskspråklege bacheloremne på agendaen over lang tid og vil i denne planperioden ha særleg merksemd retta mot einingane si oppfølging av dette årsplanteilaket. Vidare utvikling av tverrfaglege studieprogram vil vere avhengig av at UiO og fakultetet finn ordningar som gir økonomisk grunnlag for slik aktivitet.

PRIORITERTE STRATEGIAR

Fakultetet skal legge til rette for internasjonal utveksling, nettverksbygging og strategiske partnerskap med utvalde institusjonar og vere ein aktiv deltakar i European Research Area (ERA). Fakultetet skal bruke evalueringar og anna relevant statistisk materiale for å heve forskingskvaliteten

Fakultetet skal bygge vidare på det fleir- og tverrfaglege potensial som fakultetet sin breiddeprofil opnar for. Arbeidet med forbetring og profilering av eksisterande programtilbod

3-årig rullerande årsplan 2012-2014 – Det samfunnsvitenskaplege fakultet

skal halde fram og fakultetet skal utvikle nye program i tråd med fagutvikling, internasjonalt samarbeid og samfunnet sine behov. Fakultetet skal gje studentane forskingsbasert undervisning av høg kvalitet og auke internasjonal utveksling.

Eit av kjenneteikna ved Oslo er ein stor instituttsektor, med sterke samfunnsfaglege forskingsmiljø. Fakultetet har framleis som mål å utnytte samarbeidspotensialet med instituttsektoren betre der dette kan styrke forskning og utdanning.

Tiltak 1: Følgje opp evalueringa av dei tverrfakultære satsingane (MILEN, DEMOKRATI, KULTRANS og PLUREL).

Frist for gjennomføring: 2013
Milepelar for gjennomføring: Evaluering 2012
Ansvar: Dekan

Tiltak 2: Sette i verk tiltak som kan bidra til å styrke samarbeidet med gode internasjonale forskingsmiljø og fremme utanlandsopphald for ph. d.- studentar.

Frist for gjennomføring:2013
Milepelar for gjennomføring: Følgjast opp i leiarmøte 2011
Ansvar: Dekan

Tiltak 3: Avsette såkornmidlar til prosjektutvikling og internasjonalt forskingssamarbeid, som til dømes SFF, FRIPRO og ERC.

Frist for gjennomføring:2013
Milepelar for gjennomføring: Avsette midlar i budsjettet for 2012
Ansvar: Dekan

Tiltak 4: Etablere fem nye professor II-stillingar for å styrke internasjonalisering av forskning på viktige fagområde og betre kjønnsbalansen i vitenskaplege stillingar.

Frist for gjennomføring:2013
Milepelar for gjennomføring: Avsette midlar i budsjettet for 2012
Ansvar: Dekan

Tiltak 5: Utvikle ein strategi for å styrke internasjonal forskingspublisering kvalitativt og kvantitativt. Strategien skal bygge på ein analyse av publiseringsprofilen ved fakultetet. Styringsdialogar, medarbeidarsamtalar og stimuleringsmidlar skal nyttast aktivt for å gjennomføre strategien.

Frist for gjennomføring: 2013
Milepelar for gjennomføring: Årlege skrivekurs og avsettingar i budsjett 2012, 2013
Ansvar: Prodekan

Tiltak 6: Internasjonalisere studiane ved fakultetet gjennom utvikling av samarbeid med gode institusjonar internasjonalt. Eksisterande avtalar skal evaluerast og tilbodet av engelskspråklege emne på bachelornivå skal aukast og breidda i tilbodet sikrast.

Frist for gjennomføring: 2013
Milepelar for gjennomføring: 2012, 2013
Ansvar: Dekan

Læringsuniversitetet

Mål 2: Det samfunnsvitenskaplege fakultet skal gje studentane fagkompetanse på nivå med gode europeiske universitet og utvikle studentane til fagleg sjølvstende og intellektuell mognad. Fakultetet skal utdanne kandidatar som er attraktive på arbeidsmarknaden og gje dei eit godt grunnlag for vidare utvikling som samfunnsmedlemmer og fagpersonar. Studiane våre skal utdanne for avanserte oppgåveløysingar innanfor eit vidt spekter av arbeidsområde og gi eit godt grunnlag for vidare forskaropplæring gjennom vektlegging av teori og metodar.

Risikovurdering:

Organiseringa av ph. d.-utdanninga føreset betre rutinar rundt registrering og administrering av emne i ph. d.-programmet. Tettare kopling mellom forskning og forskingsaktivitetar og studiar krev høg prioritet hjå grunneiningane.

PRIORITERTE STRATEGIAR

Ei gjennomgåande utfordring i dei komande åra vil vere å tilpasse aktivitetsnivået på studiesida til tilgjengelege ressursar, ikkje minst for å konsentrere aktiviteten samstundes som fakultetet følgjer opp tiltaka for å minka fråfall og auke gjennomføringstakta (betre kull- og fagtilknytning og auka læringsutbyte).

Fakultetet utdannar høgt kvalifiserte kandidatar for det norske samfunnet og for internasjonalt arbeid. Fakultetet vil også i åra framover legge stor vekt på å utvikle studentane sine analytiske evner gjennom ei forskingsbasert utdanning.

Fakultetet skal vere i dialog med relevante aktørar i arbeidslivet om kompetansebehovet og arbeide for å betre kandidatane sin formidling av eigen kompetanse etter fullført utdanningsløp.

Forskarutdanning er eit av fakultetet sine samfunnsoppdrag og viktig også for framtidig rekruttering. Tettare oppfølging og integrering i fagmiljøet vil framleis vere viktige tiltak for å styrke kvaliteten i forskarutdanninga.

Tiltak 7: Studiekvaliteten skal styrkast gjennom kvalitetsforbetrande tiltak på alle studieprogram. Fakultetet skal sikre god gjennomføring av «Utvida studiestart» og Pilarprosjektet. Fakultetet skal mellom anna prøve ut ei mentorordning for bachelorstudentar og tiltak som kan gjere studentane betre i stand til framføring av faglege presentasjonar.

Frist for gjennomføring: 2013

Milepelar for gjennomføring: Utvida forum for studiespørsmål 2012

Ansvar: Dekan

Tiltak 8: Vurdere effekten av meir strukturerte studieløp. Analysere årsaker til fråfall og lav studiepoengproduksjon innan ulike studieprogram.

Frist for gjennomføring: 2013

Milepelar for gjennomføring:

Ansvar: Dekan

Tiltak 9: Etablere ei skuleretta mastergrad i samfunnsvitenskap under lektorprogrammet i samarbeid med Institutt for lærarutdanning ved Det utdanningsvitenskaplege fakultet.

Frist for gjennomføring: 2013

Milepelar for gjennomføring: Komitéarbeid fullført 2011

Ansvar: Dekan

Tiltak 10: Nasjonal samordning av ph.d.-emne i samfunnsvitenskap og etablering av felles nasjonal emneportal i samarbeid med Universitets- og høgskolerådet og Det nasjonale fakultetsmøtet for samfunnsvitenskaplege fag.

Frist for gjennomføring: 2012

Milepelar for gjennomføring: Plan skal utarbeidast straks prosjektleiar er tilsett

Ansvar: Fakultetsdirektør

Tiltak 11: Avklare rettleiaren si rolle på ph. d. –programmet i høve til oppfølging av framdrift, omfang og kvalitet.

Frist for gjennomføring: 2013

Ansvar: Dekan

Eit samfunnsengasjert universitet

Mål 3: Det samfunnsvitenskaplege fakultet skal dele kunnskap og spele ei sentral rolle som formidlar av uavhengig fagleg innsikt. Fakultetet skal bidra aktivt til at samfunnet gjer seg nytte av forskingsbasert kunnskap for å løyse samfunnsmessige utfordringar. Gjennom dialog med målgrupper som har særleg behov for slik kunnskap som grunnlag for å fatte grunnjevne vedtak skal fakultetet arbeide for at samfunnsvitenskapleg kunnskap vert gjort lettare tilgjengeleg og lettare å forstå og bruke.

Risikovurdering:

Forskarane ved fakultetet er aktive i samfunnsdebatten og bidreg til denne gjennom forskingsresultat. UiO har som ambisjon å styrke innsatsen for å bidra til innovasjon og kunnskapsoverføring. Tid og prioritet i forhold til forskning og undervisning er kritiske faktorar.

PRIORITERTE STRATEGIAR

Forskarane ved fakultetet driv ein omfattande formidlingsaktivitet og norske samfunnsforskarar er meir synlege i norsk offentlig debatt enn det som er vanleg internasjonalt. Fakultetet skal framleis støtte opp om forskarane sine aktive bidrag som premissleverandørar for samfunnsutviklinga, og som formidlarar av uavhengig, forskingsbasert kunnskap.

Fakultetet skal arbeide systematisk med profilering og formidling av forskinga som går føre seg ved fakultetet, både internt og eksternt. Fakultetet skal styrke den forskingsbaserte formidlinga og profilering av forskinga på eigne nettsider.

I tillegg vil fakultetet arbeide for at forskingsbasert kunnskap skal gjerast meir tilgjengeleg og kome samfunnet til nytte, mellom anna gjennom dialog med målgrupper som har særlege behov for samfunnsvitenskapleg kunnskap som grunnlag for vedtak.

Tiltak 12: Fremme ein kollegial kultur for forskingsbasert formidling.

Frist for gjennomføring: 2013

Milepelar for gjennomføring: Planlegging 2012

Ansvar: Dekan

Tiltak 13: Planlegge fakultetet sitt 50-årsjubileum 2013 og vurdere ulike former for møteplassar/fora i samband med feiringa.

Frist for gjennomføring: 2013
Ansvar: Dekan

Tiltak 14: I samarbeid med TIK å bidra til UiO sin handlingsplan for innovasjon og bruk av forskingsbasert kunnskap. Og klargjøre korleis dei øvrige einingane kan bidra.

Frist for gjennomføring: 2013
Ansvar: Dekan

Tiltak 15: Vurdere konkrete tiltak som kan bidra til Grønt UiO
Frist for gjennomføring: 2012
Ansvar: Fakultetsdirektør

Eit handlekraftig universitet

Mål 4: Det samfunnsvitskaplege fakultet skal forvalte sine samla ressursar slik at dei bidreg til at fakultetet utviklar robuste forskings- og utdanningsmiljø av høg kvalitet. Forskinga og fagkompetansen ved fakultetet skal gi eit solid grunnlag for forskingsbasert undervisning.

Risikovurdering:

UiO har vedteke ein plan for administrativ utvikling som krev at fakultetet gjer nokre tydelege prioriteringar av kvar innsatsen skal oppretthaldast og kvar den kan reduserast. Manglande evne til å gjere slike prioriteringar vil gjere gjennomføringa vanskeleg.

PRIORITERTE STRATEGIAR

Fakultetet skal arbeide for betre og meir målretta utnytting av potensialet for ekstern finansiering. Ekstern finansiering skal bidra til å styrke forskning på område som fageiningane ønskjer å prioritere og ikkje trekkje ressursar vekk frå prioriterte område.

Tiltak 16: Fakultetet skal sikre god økonomistyring av eksterne prosjekt og syte for kvalitet i budsjettgrunnlag og styringsrapporter til prosjektleiar og instituttleiarar.

Frist: 2012
Milepæl: Nytt prosjektstyringsverktøy skal takast i bruk ved UiO i løpet av 2012
Ansvar: Fakultetsdirektør

Tiltak 17: Fremme initiativ til styrking av prioritert tematisk forskning der dette også kan bidra til fagutvikling og god forskning på internasjonalt nivå.

Frist: 2014
Ansvar: Dekan

Tiltak 18: Programmet AURA skal takast i bruk ved alle grunneiningane for å lette og betre administrering av undervisningsressursar, timerekneskap og bilagshandsaming.

Frist våren 2012
Ansvar: Fakultetsdirektør

Tiltak 19: Styrke det fysiske læringsmiljøet, betre branntryggleiken og sikre alle studentar lik tilgang til læringsressursar (universell utforming) gjennom etablering av læringscenter for masterstudentar i 4. etasje Eilert Sundts hus.

Fakultetet skal lage ein plan for disponering av areal og over framtidige arealbehov for å sikre eit forsvarleg forskings- og læringsmiljø for tilsette og studentar på kort og lang sikt.

Frist for gjennomføring: 2013
Ansvar: Fakultetsdirektør

Tiltak 20: Sikre god arbeidsdeling mellom administrative nivå ved UiO og effektiv ressursbruk, jfr. Mellom anna plan for administrativ utvikling ved UiO vedteken av universitetsstyret i november 2010.

Frist for gjennomføring: 2013
Ansvar: Fakultetsdirektør

Tiltak 21: Etablere felles rutinar for registrering av emne og for administrering av ph.d.-programmet

Frist for gjennomføring: 2013
Ansvar: Fakultetsdirektør

Tiltak 22: Dei langsiktige bemanningsplanane ved alle einingane skal vere oppdaterte og tilgjengelege for alle tilsette. Planane skal bidra til at fakultetet har ein aktiv rekrutteringspolitikk med internasjonalt fokus og ein tydelig profil for likestilling mellom kvinner og menn.

Frist: 2012 med rapportering av status i plandialogen
Ansvar: Dekan

Det gode universitetet

Mål 5: Fakultetet skal ha attraktive og konkurransedyktige fagmiljø med godt arbeidsmiljø for studentar og tilsette. Arbeidsmiljøet skal vere kjenneteikna av likeverd og respekt, engasjement og deltaking. Fakultetet skal legge til rette for målretta og effektiv ressursbruk.

Risikovurdering:

Gjennomføring av tiltaka under vil vere avhengig av god leiing på alle nivå og eit godt samarbeid med organisasjonane.

PRIORITERTE STRATEGIAR

Fakultetet sine ambisjonar stiller til dels nye krav til leiing. Det er i dag relativt tett identifikasjon mellom ulike fagmiljø og valde leiarar. Fakultetet skal vidareføre eit systematisk og langsiktig arbeid for å styrke leiaropplæringa på alle nivå, mellom anna for å bygge eit godt arbeidsmiljø og gjennomføre gode prioriteringsprosessar.

Tiltak 23: Alle tilsette skal ha tilbod om personleg og fagleg utvikling. Behovet for kompetanseutvikling skal vere tema i medarbeidarsamtalar og det skal utviklast eit tilbod tilpassa behov og tilgjengelege ressursar (jf. UiO Årsplan).

Frist for gjennomføring: 2013
Ansvar: Dekan

Tiltak 24: Gje tilbod om opplæring til nyvalde styremedlemmer og instituttleiarar og gjere krava til leiarrollen tydeleg for alle leiarar ved fakultetet.

Frist: 2012
Ansvar: Dekan

Tiltak 25: Følgje opp fakultetet sin handlingsplan for likestilling for perioden 2012-2020.

Frist: 2014
Ansvar: Dekan, Likestillingsutval (instituttleiarmøtet)

Tiltak 26: Fullføre arbeidet med kartlegging og vidareutvikling av fakultetet sitt samla behov for forskingsinfrastruktur på IT-sida.

Frist for gjennomføring: 2012
Ansvar: Fakultetsdirektør

Vedlegg: Tabellar

- 1. Resultatindikatorar (2006 – 2010) med ambisjonar for 2014**
- 2. Grunnlagsdata for resultatindikatorane (2006-2010) med ambisjonar for 2014**

Tabellar

Resultatindikatorer med ambisjoner	Resultat					Ambisjoner
	2006	2007	2008	2009	2010	2014
Nye studiepoeng per heltidsekvivalent Tall fra notat som grunnlag for diskusjon i plandialog 23.9.2011	35,6	39,4	38,1	36,4	38,3	40,2
Gj.snittlig gj.føringstid ph.d.-kandidater		4,1	4,5	4,3	4	3,5
Studentmobilitet - Andel utvekslingsstudenter av tot andel stud	5,60 %	6,90 %	8,00 %	7,90 %	9,30 %	10,5 %
Publikasjonspoeng pr vit. årsverk UiOs ambisjon 2014: 1,3	1,02	1,16	1,15	1,46	1,52	1,5
EU-tildeling - volum. UiOs ambisjon 2014: 90% vekst av gjsn siste 3 år	3 117	3 338	2 725	1 962	5 569	6 154
NFR-tildeling - volum. UiOs ambisjon 2014: 7% vekst av gjsn siste 3 år	36 875	53 731	51 465	60 572	46 652	53 650
Grunnlagsdata for resultatindikatorene	Resultat					Ambisjoner
	2006	2007	2008	2009	2010	2014
Antall publikasjonspoeng. UiOs ambisjon 10% vekst	320,5	374,4	412,7	469,8	476,9	524,5
Antall vit.årsverk inkl. stipendiater	314	324	359	322	314	350
Antall utvekslingsstudenter. UiOs ambisjon: 10,5% av tot ant studenter	358	387	436	447	489	520
Antall nye studiepoeng	3 578	3 523	3 347	3 355	3 270	3 200
Antall heltidsekvivalenter (høsttall)	6 381	5 581	5 421	5 659	5 213	4 800